

*Arne Dag Østigaard*

## Da Hulda vart mamma



*Kolbotnen i vinterham. Ukjent fotograf.*

I desember 1887 flytta ekteparet Garborg frå Christiania til Kolbotnen ved Savalen, samtidig som Ivar Mortensson-Egnund – Savalguten – frakta avisa ”Fedraheimen” til Tynset. I eit kolbotnbrev ønskte Arne avisa hjarteleg velkommen til fjells. Redaktøren måtte endeleg sjå oppom, sjølv om jule-

brennevinet var drukke opp. Og ville Savalguten ha seg ein blås, måtte han nok halde seg sjølv med både pipe og tobakk. Men ein kopp husmannskaffi kunne kolbotnkallen saktens skaffe.

Men ”Fedraheimen” måtte sanneleg itte tru at han berre hadde det makeleg ved Savalen. For kjerringa jaga han

dagstøtt ut etter ei vassbøtte i Kolbotnbekken. Yrket hans var derfor å bera vatn, samt fungere som kammerteneren for hennar "høihed", finnbikkja Sjapa. Hulda kommenterte tørt at berre gubben fekk ei penn i handa, var det itte eit sant ord i han!

Christiania-litteraten hadde dessutan lokka kjærasten sin til fjells med at ho berre skulle passe bikkja, og så dø av gode dagar på Kolbotnen. For kva meir enn gard og grunn kunne ein gammal syndar ønske seg? Han hadde bikkje å vera blid på. Og kjerring å vera sur på. Skrivning var heller itte lenger ein pest og plage. Husmora sørgde nemleg for sunt kosthald, mosjon og frisk luft for gemalen. Gubben måtte til gjengjeld kvitte seg med gamle byvaner som røyking og turing. "Fedraheimen" kunne dermed melde at forfattar Garborg var blitt fråhaldsmann.

Over jul kalla Statsrevisjonen på ektemannen. Hulda kjende seg da som ei huldrejente som hadde hamna i hi med ein menneskeson. No farta han til fjells etter føde. Han hadde nemleg gifta seg med eit kvinfolk frå den andre heimen, må vite. Og derfor torde han itte lenger vanke blant vanlege folk. Hulda ønskte iallfall at ektemaken måtte vende heim att til åremålsdagen hans – 25. januar.

Da lød det trist nytt frå hovudstaden. Huldas eldste søster, Martha Elida, var gått bort for godt. Anne på Svarthugu bar derfor med seg minstebarnet Ivar for å halde den mørkredde Hulda med selskap. Da hørdest med eitt dombjøller på sjøen. Gubben hadde skunda seg for at Hulda itte skulle vera aleine med sorga. Han kunne også fortelje at mor til Hulda var blitt sjuk.

Hulda vart som trøyst, overraska

med gifteringar. Da kjende dei seg visseleg som sanne ektefolk. For det verserte nok stygge rykte om både farlege folk og gudsspotting ved Savalen. Særleg mislikte presten Hans Pryds at bohemar leika varg i saueflokken hans. Pryds hadde – ifølgje den tvilsame informant Arne – frykta at "fritenkjarane" hamna på fattigkassa i Tynset. Presten hadde visst nok foreslege i fattigstyret at grensa burde flyttast, slik at Kolbotnen hamna i Vetlelvdalen. Sanninga er at i 1888 bestemte heradsstyret at fåsetingane, Jens Stortrøen, Erik Strømseng og Erik Søgard, skulle fastsette grensene ved Savalen. Som Hulda sa, var Arne absolutt itte til å stole på – særleg da med ei penn i hand.

### *Ein arving til Kolbotnen*

Presten kunne dei itte unngå likevel, for ein arving til Kolbotnen var i kjømda. I "Fedraheimen" i februar 1888 kunne lesarane fryde seg med ein koseleg samtale mellom einebuarane. Den gravide er viss på at det blir ein gut, for ungen sparkar ho i magen. Faren er skeptisk, særleg når kjerringa hevdar bestemt at ho småsnakkar med barnet.

Hulda strikka sjølv sagt tøy i ventetida. Arne lurte derfor på om ho lagde klede til finnbikkja? Han hadde før øvrig endeleg vent seg til strikking. For første gong han oppdaga kjerringa med strikkepinnar, bar han resolutt bundingen rett ut av døra. Det torde han nok berre ein einaste gong. Han fann dermed fort ut at Huldas handarbeid var både nyttig og hyggeleg.

Spøkefugl og kunstnar Mathias Skeibrok sende ekteparet ei bryllaupsgåve forma som teikneserie. Den tar til med

sommar, sol og idyll ved Savalen. Men neste vår kan folk lesa på to skeive trekrossar på kjerkjegarden: "Arne Garborg. Hulda Garborg. Død af kulde." Og følgje til grava er brennevinsflaske, kortstokk og kaffikjel.

Å nei, lo Hulda. Dei var meir seigлива enn som så. Derimot bar eit hyggeleg brev frå Thomasine og Jonas Lie i Paris på optimisme. Der ramsar Jonas ekte-mann opp alle dei tusen småtinga som ei kone gjer for mannen sin. Det likte nok kolbotnkallen å studere med ein salig smil. Men kvinnesaksdama på Kolbotnen rynka nok på nasen.

I februar dukka Savalguten opp for å fullrose Hulda. Som takk trakterte vertinna utsøkt kolbotnkaffi. Ho ymta itte noe om at gjesten slepte ski og klede ut på stuegolvet. Til kvelds blidgjorde Hulda dei to kameratane med tiursteik. Husbonden var kry som ein hane. "Ja ha, du ser me lever på Kolbotnen også," skrytte han, "no må du sanneleg eta godt!" Han unnlét å nemne at husmora hadde gjort alt arbeidet.

Ein vakker dag ropte Hulda brått på vatn. Ho trudde ho skulle døy. Flegmatikaren ved hoggestabben trøsta med at ho itte hadde bore korsett på mange år, så det var slett inga fare på ferde. Anne på Svarthugu fødde nemleg ungen så fort at det itte vart tid til noe jordmor. Finnemødrene slengde seg berre ned i snøfonna, tulla ungen i skinn, tok skia fatt og for i full fart nedetter bakken. Men for å vera på den heilt sikre sida, ville dei likevel flytte til bygds. Truleg kunne Marit Strålsjøhaugen ha hjulpet til, men ein overnervøs Arne meinte dei måtte tenkje på arvingen.

Arne utbasunerte at "Fedraheimen" itte måtte gløemme å sette opp ærespor-

ten. Han såg med utilslørt glede fram til både biff og øl på hotell. Det syntest Hulda var urettferdig. Det var nettopp biff fyren hadde kravd at ho itte skulle laga da dei gifta seg!

### *Til Tynset*

I mars 1888 flytta ekteparet på Kolbotnen ned til Tynset, der dei fekk halde hus i sommarstua til Marit og Esten på Østigard Ysta. Dei var haugianarar, mens sønene Per og Iver var meir frilynde og derfor aktive i det legendariske samtale- og kulturlaget "Fram", der Ivar og Arne også vanka stundom. Laget heldt da også ei tid til på nettopp "Ysta".



*Østigard Ysta i 1930-åra.  
Da var sommarstuggu rive.*

Det var elles travle tider på garden. Eldstedotter Marit skulle nemleg gifte seg med Rasmus Hansæl. Det var derfor itte heilt lurt og klokt av Arne å forfatte skissa "Idyll" i "Fedraheimen" sist i mai. Den handlar om ei jente som blir gifta med ein kar ho slett itte vil ha. "No går dei i kyrkja", seier "ho Mari" tørt på slutten av kortnovella.

Dette kan kanskje handle om Anders Tuvengtrøen og Beret Odden, som

feira bryllaup 15.mai 1888. Men uansett kor velmeint og velskrive kortnovella er, var ho rein tankeløyse. For å seie det mildt. Sjølv om det itte hadde noe å gjera med Marits bryllaup på garden, var slik skrivning slett itte sømeleg i ei bygd med rotfesta ættekjensle.

”Idyll” braut derfor neppe isen mellom den berømte Arne og bygdefolket. Mange følte seg sikkert brydde. På folkemunne var Arne ein heidensk fritenkjar, som hadde skrive ukristelege bøker. Folkepratet var derfor itte til å unngå i eit sosialt tett bygdesamfunn, der alle visste alt om alle, både på godt og vondt. Ekteparet fekk sikkert vise råd av Savalguten om å ta seg vel i vare, for det gjekk framleis rykte om at dei itte var retteleg gifte. Tilmed den snille granne, Anne Svarthugu, hadde hørd gjete at dei itte hadde vore i kjerkjå eingong.

Den høggravide og kjenslevare Hulda kjende seg i alle fall utafør og trist på ”Hemattæsia” i Tynsetbygda. Arne forsvann nemleg ofte over Nebybrua til ”Bortattæsia” med påskot å handle for kjerringa. Ivar og ”Fedraheimen” heldt nemleg hus på Koiebakken, der Trondtun skule ligg i dag. Det hende derfor at det varte og rakk før ektemannen fann vegen heim att. Da han endeleg dukka opp, rusla Hulda og gemal oppover til ”Brenna” for å plukke frosen tyting under snøen.

Når Hulda kikka nedover mot stasjonsbyen, syntest ho vinterlandskapet var øyde og kaldt som Sibir. Det var særleg synd på den stakkars Savalguten, som måtte halde til i den stygge Tynsetbyen. Så veit me det. Han burde sannleg frakte med seg Fedraheimen opp til Hulda og sola.

Om det krydde av folk i grenda, var det itte lett å få tak i hjelp. Tynsetjentene heldt seg nemleg for gode. Vart armada alt for stor, stakk dei heller til Amerika, fortel Arne ironisk i ”Kolbotnbrev”. Ville dei ha ei skikkeleg taus, måtte dei helst over Kjølén til Tyllaldalen, Gudbrandsdalen eller tilmed Sverige. Dei fekk til slutt tak i ei tenestejente nettopp frå Tyllaldalen, men ho kunne itte stelle mat. Ho var – ifølgje Arne – ei diger budeie på seksten år, som berre kunne bera vatn og ved. Etter ein månad drog ho sin kos. Da måtte husfaren sjølv ta over all matlaginga. Det gjekk etter Huldås nøyaktige ordrar sær grundig for seg. Anne Randi (Nørsen) på garden hjelpte i tillegg til med vassberinga.

### *Arvingen og dåpen*

25. mai 1888 vart litt tå ein minnedag på Ysta Østigard. Da såg både sonen og



*Jordmor Beret Knapset. Utsnitt av gammalt bilde.*

skode-spelet "Uforsonlige" dagens lys. Da Savalguten fekk auge på gutungen i armkroken til Hulda, braut han ut med at det var noe anna å by på enn karvekål. Faren syntest derimot at sonen var stygg. Da vanka det vondord frå jordmor Beret Knapset. Ho hadde teke imot ungar i førti år, og fortalde i klartekst at gutungen var både ven og velskapt. Da vart det nok stille og taust hos barnefaren.

Jordmora heldt hus hjå dei nybakte foreldra i heile åtte dagar. Seinare vart Anne Randi på garden ei velsigna hjelpande hand for den nybakte mora. Ho hadde nemleg eit lite barn sjølv, vesle Mette, og ofra dermed brystmjølk til "dovendyret" som Hulda kalla vesleguten sin. "Ska du blande mjølka åt guta, så fær du hå lite røme å itte vatn," råda ho Anne Randi.

Tilmed prestegarden baud fram den ferme budeia si. Ein måtte hjelpe alle i naud, uttalte prestefrue Henriette Pryds fromt. Til slutt dukka heldigvis den trettåriga Eline Strypet frå Strålsjøåsen opp for å hjelpe til, slik at Arne som berre gjekk i vegen, fekk permisjon i nåde til å stikke ein tur bort til Tynset-byen att.

Men det heldt mest på å bli skandale da Hulda plent itte ville døype sonen. Kari Østigaard overtydde derfor den radikale mora om at det måtte dei sanneleg gjøra, skulle det borgarleg gifte ekteparet få bu i fred, fryd og fordragelegheit i fjellheimen. Dermed var det inga bøn. Dei fekk låne dåpskjolen på garden. Den eksisterer den dag i dag. Anne Randi vart den stolte beraren, og fadrar elles mannen hennar, "Embret Jonsen Østigaard", Kari Østigaard og "Kandidat og bladudgiver Ivar Mortensen". Faren blir nemnt som "litterat" i kjerkjeboka.

Søndag 23. juni 1888 lyste så Pryds velsigning og evig liv over to namn som den byrge barnefaren trudde presten helst meinte ville hamne lukt i Helvetet: "Arne Garborg og Olaus Fjørtoft". Den stolte faderen syntest at Anne Randi tok i så det reint knaka i døypefonten da ho forkynte at barnets namn skulle vera Arne Olaus Fjørtoft Garborg. Under dåpsmiddagen som truleg vart halde på garden, var neppe stemninga laber.

Men barnedåpen var itte heilt til endes. Den tida var det nemleg skikk og bruk med inngangskoner i Tynset. Etter eldgammal tru var barselkvinna urein. Ho måtte itte ha fysisk kontakt med heilagdomen før ho vart reinsa, introdusert og førd inn i kjerkja av presten. Hulda møtte sjølv sagt itte opp til slik ei nedvurdering av kvinnfolka, og Pryds eller klokkar Embret Østby sette ein særleg tjukk strek under "ikke" i kjerkjeboka. Tvangen hadde eigentleg falle bort allereie i 1750, men i den tradisjonsrike fjellbygda møtte kvinnfolka faktisk jamt opp heilt til året etter Huldas nei. Da var det enda fleire som betakka seg. Det at pioner Hulda vågde å trosse både tradisjon, kjerkje og prest, vakte nok merksemd og fekk fleire kvinnfolk til å torde å nekte, slik at i 1894 var det faktisk ingen inngangskoner att i bygda. Slå den! Hulda gjennomførde dermed ein heil revolusjon i Tynset.

Dagen etter dåpsdagen måtte Hulda ta seg ein snøggstur til hovudstaden for å sjå om den sjuke mora. Anne Randi tok seg av "Tuften" i mellomtida. Om kvelden 28. juni var den nybakte mora på plass att. Hulda og Arne var deretter truleg til stades i bryllaupet til Marit Østigaard og Rasmus Hansæl laurdag



29. juni. Sladra Savalguten om at jær-buen var ein dugeleg spelemann? Hulda skildrar for øvrig eit typisk fjell-bondebryllaup i "Mann af Guds Naade" (1907).



*Far og son på Kolbotnen.  
Teikning av Otto Valstad.*

### *Attende til Kolbotnen*

Så vart endeleg ein ny verdsborgar frakta over Savalen i forrykande uver. Arne og bikkja vart utan nåde skovne nedover rangstigen. Hulda dikta om vesleguten:

*"Det blåeste øye, den søtteste munn,  
med smil som speiler din hjertegrunn.  
Kjærlige tanker og ømme ord,  
ja tusene gleder du har for mor,  
du gutten min.*

*Å kunne jeg kysse hver tåre fra kinn,  
og løse hver sorg i ditt vare sinn,  
skjerme ditt liv med kjærlig arm  
og gjemme deg trygt ved moders barm,  
du gutten min.*

*Å ville du bare ei glemme mor  
når du blir voksen og klok og stor.  
Husk alltid hun lenges, alltid hun ber.  
Ditt smil blir det siste mitt øye ser,  
du gutten min!"* (Melodi: Ellef Røe)

No dreidde alt i familien seg om ein liten krabat, som snart kravla og kraup rundt i stua. I "Kolbotnbrev" skryt Arne av "Kolbotn-prinsen" eller "Tuftekallen". Arvingen hadde breie hender og føter, så han måtte bli litt tå eit troll når han vaks opp. Dei klare auga arva han frå mora. Om mange sa at den nyfødde likna mest på farsfolket, var det i alle fall noe vent på han, slo den stolte fader fast.

Og så kunne gutungen utvilsamt snakke! Han sa faktisk både mamma (ma-ma), pappa (ba-ba) og kaka (ka-ka). Tullebukk Savalguten prøvde å helle kaldt vatn i blodet med at veslekaren eigentleg itte meinte noe med denne bablinga. Men det var nok fordi Ivar berre var ungkar og itte forstod seg på så fine ting, slo atter den stolte pappa fast.

Vesle "Tuften" gav itte berre ein overnervøs forfattar mykje nattebråk, men også nytt livsmot. Noe som Hulda slett itte hadde noe særleg imot. Arne sette guten i fanget sitt og nynna songane hennar mor til Huldas overrasking. Gubben hadde nemleg slutta å synge etter at dei hadde vore gift ei stund.

Ekteparet treivst no fortrefteleg ved Savalen. Hulda og Arne fekk venner for livet. Tilmed dei mest fordomsfulle vart overraska over at ekteparet på Kolbotnen berre var vanlege og sømelege kvar-dagsmenneske. Hulda var dessutan både praktisk og gjestfri. Og tilmed den folkeskye Arne viste seg av og til så vel



*Hulda og vesleguten. Ukjend fotograf.*

pratsam som livleg. Gratulerer så hjarteleg med 150-årsjubileet, du stolte og kjære Hulda Østerdøl!

### *Litteratur*

- Arne Garborg: Kolbotnbrev. Aschehoug 1890.
- Hulda Garborg: Frå Kolbotnen og andetsteds. Aschehoug 1904.
- Arne Dag Østigaard: Arne og Hulda på Kolbotnen, Sollia forlag 1994.
- Hulda Garborgs utrykte dagbok. Nasjonalbiblioteket, Oslo.
- Munnlege kjelder.

### *Om forfatteren*

Arne Dag Østigaard, f. 1942. Cand. philol med nordisk hovedfag UiO 1970. Lektor i Tynset fram til 1999.

Museumsprisen og Austmannaprisen. Flere bøker om så vel nasjonal som lokal historie, folklore mm. Tre teaterstykker. Noen hundre artikler i aviser, tidsskrifter og årbøker.